



INSTRUKS

FOR

MUNNLEG EKSAMEN



BAKGRUNN OG RAMMER	2
FASAR I EKSAMENSAVVIKLINGA	3
1. Førebuing og oppmelding til munnleg eksamen.....	3
2. Førebuing for faglærer og sensor	4
3. Førebuing for eleven	4
4. Gjennomføring på eksamensdagen.....	5
5 Kvalitetssikring og etterarbeid.....	6
6. Fristar	7
7 Nyttige lenker.....	7
8 Mal fagrapport FOS.....	8
9 Rutinar for gjennomføring av munnleg eksamen i Sunnhordland.....	9

BAKGRUNN OG RAMMER

Denne instruksjonen er revidert i tråd med [Forskrift til Opplæringslova](#), kapittel 3, §3-25, 3-29, 3-31 og 3-32.

FOS instruksjonen gjeld dermed som forskrift i våre kommunar. FOS kommunane er: Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio.

Ansvar

Ansvar for gjennomføring av munnleg eksamen er lagt til skuleeigar, jfr. Forskrift til Opplæringslova (FtO), §3-29, "Skuleeigar har ansvaret for gjennomføringa av alle lokale eksamenar".

Fylkesmannen i Hordaland tolkar denne forskriftsendinga slik at skuleeigar no har *heile* ansvaret for munnleg eksamen, *inkludert fastsetjing av datoar samt oppnemning av sensorar*.

På bakgrunn av §3-29 om bruk av ekstern sensor, har Forum for Oppvekst i Sunnhordland på vegne av kommunane tatt på seg oppgåva å administrera munnleg eksamen i regionen.

Fastsetjing eksamensdatoar

Forum for Oppvekst i Sunnhordland fastset datoar for munnleg eksamen for medlemskommunane. Datoen skal fastsetjast på grunnlag av statlege føringar for når munnleg eksamen skal gjennomførast knytt til:

- Forskrift til opplæringslova § 3-18
- Brev frå Utdanningsdirektoratet vedkomande tidsplan for skriftleg eksamen i grunnskulen.

Eksamensperioden skal fastsetjast når datoane for skriftleg eksamen er offentleggjort og dato for fellessensuren fastsett, sjå elles oversikt over fristar s. 7

Rammer for munnleg eksamen i Sunnhordland

Kommunane i Sunnhordland skal nytta eksamensform med følgjande rammer:

- Eleven får melding om trekkfaget 48 timar før eksamen. Laurdagar, søndagar, høgtidsdagar og heilagdagar skal ikkje reknast med. Eksamen skal ikkje gjennomførast på måndagar og dagen etter høgtidsdagar og heilagdagar. Dagen elevane får opplyst om trekkfag, er i utgangspunktet ein vanleg skuledag. FOS tilrår at elevane får nytta dagen som studiedag etter at trekkfag er opplyst om. Det er elles opp til den enkelte skulen å organisera dagen på best mogleg måte.
- Førebuingsdelen, dagen før eksamen, er ein obligatorisk skuledag, der alle hjelpemiddel er tillatne og der elevane har rett på eit pedagogisk tilbod frå skulen – det vil seia rettleiing av lærar. Alle elevar må møta på skulen denne dagen, men det kan etter ei stund vera aktuelt å førebu seg ein annan stad enn på skulen (heime, bibliotek etc.).
- Når førebuingsdelen tar til, 24 timar før eksamen, skal kandidaten få oppgitt eit tema eller ei problemstilling. Rettleiinga skal hjelpe elevane å sjå samanhengen mellom tema/problemstilling og læreplanen. Førebuingsdelen skal ikkje inngå i vurderingsgrunnlaget.
- Dersom det vert nytta par eller grupper som eksamensmodell, skal desse til vanleg vera gjennomgåande for faga. Sjå elles pkt. C under "Førebuing for eleven".

I det følgjande er dei ulike fasane i arbeidet med eksamen skildra, og det er presisert kva som er gjeldande reglar for gjennomføringa.

Omgrepsavklaring:

FtO 3-29 seier at prøvesvara skal vurderast av to sensorar der den eine er ekstern og den andre kan vera faglæraren.

Vidare i instruksjonen nyttar vi til vanleg følgjande nemningar:

- a) Sensor = ekstern sensor
- b) Faglærar = intern sensor

FASAR I EKSAMENSAVVIKLINGA

1. Førebuing og oppmelding

a) Informasjon til elevar og lærarar

Elevar og lærarar bør tidleg, og seinast ved oppstart av 10.årssteg, gjerast merksame på rammer for munnleg eksamen. Det er ynskjeleg at det i løpet av 10.årssteg vert arrangert minst ein prøvesituasjon for elevane som liknar munnleg eksamen.

Dette inneber bl.a. følgjande:

- Elevane er kjende med rammer og reglar for eksamen.
- Elevane har erfaring med aktuelle tema.
- Elevane har erfaring med korleis rettleiing vert gitt
- Elevar som går opp i par eller gruppe, må ha fått trening i å fordela oppgåver og arbeida saman om å løysa dei slik at alle får vist kompetansen sin.
- Elevane har fått informasjon om krav som blir stilte, og kva for kriterium dei vert vurderte etter, jfr. fagrapport og rutinar for gjennomføring av munnleg eksamen.
- Elevane og dei føresette har fått informasjon om reglar for klagerett i høve lokalt gitt eksamen, sjå [FtO § 5.10](#)
- Elevar som er sjuke førebuingdagen, kan få sjukemelding for både denne og eksamensdagen.

b) Sensoroppnemning

Munnleg eksamen krev ekstern vurdering, jf. [FtO § 3-29](#). Kvar kommune/skule må melda inn namn på lærarar som tek på seg sensoroppdrag til dagleg leiar i FOS **innan 15.februar**.

Skuleeigar/skulen må stilla til rådvelde like mange sensorar som ein sjølv treng + 1 for å få gjennomført eksamen. Talet på sensorar skal reknast ut frå eit elevtal på 10-12 pr gruppe. Forum for Oppvekst i Sunnhordland oppnemner sensorane og har ansvar for kursing av desse.

c) Oppmelding av elevar og trekk av fag

Skulen sender inn oppmeldingslister/klasselister til skuleeigar innan fastsett dato, **20.mars**. Inndeling av parti blir organisert av skuleeigar i samråd med skulen. Alle elevane i partiet skal opp til eksamen i same fag. Skuleeigarnivå i samråd med rektor fordeler sensorane på parti og fag. **Frist: 10. april**

d) Klargjering av skulen sine eksamensrutinar.

FOS har utarbeidd eigne rutinar for gjennomføring av munnleg eksamen, og faglærer må i den samanheng gjera desse kjend for elevar og føresette, sjå eige vedlegg s.9.

Rektor ved "elevskulen" sender melding til sensorskulen/skulane v/rektor **seinast 20 dagar før eksamensdato**.

Informasjonen skal innehalda følgjande opplysningar:

- Eksamensfag .
- Namn og kontaktinfo til faglærer (viktig med e-postadresse og telefonnummer).
- Fagrapportar og vurderingskriterier.
- Eksamensmodell individuelt, par, gruppe,
- Tal elever/grupper (ikkje namneliste).
- Tidspunkt for frammøte.
- Tidspunkt for eksamensstart.
- Eventuelle andre opplysningar som er nødvendige for å førebu gjennomføringa av prøva
- Oppmoding om å ta med lønnskontonummer.

Den enkelte sensoren/faglæreren må gjerast merksam på at alle opplysningar som kan røpa trekkfag ved den enkelte skule, er konfidensielle fram til sperrefristen. Ved sperrefristen – 48 timar før eksamensdagen - får faglærer vita kva for elevar som er trekte ut til prøva. Ved sjukdom hos faglærer, kan rektor peika ut ein annan lærar ved skulen som tar ansvar for at prøva vert gjennomført. Læreren må ha undervist i faget og kjenna elevane. Før sperrefristen for elevane har gått ut, kan ein ved sjukdom hos faglæreren eller sensor eventuelt gjera endringar i trekket. Viss det ikkje let seg gjera å gjennomføra prøva på forsvarleg måte, kan rektor i samråd med skuleeigar, avlysa prøva for dei elevane det gjeld. For lokale fristar elles, sjå eige oppsett side 7 punkt 6

2. Førebuing for faglærer og sensor

a) Tidsrammer

Faglærer og ekstern sensor får melding om trekkfag og elevtal i god tid før eksamensdagen, sjå fristar side 7 punkt 6. Rektor må informera dei lærarane ved eigen skule som skal fungera som eksterne sensorar, og sørgja for at dei får alle relevante opplysningar jf. kulepunkta under punkt 1 ovanfor. Dagane fram til tidspunktet elevane får melding om trekkfag, står til rådvelde for sensor og faglærer til å gjera dei nødvendige avklaringane og førebuingane. Det er faglærer som har hovudansvaret for å etablara kontakt med sensor. Dersom faglærer ikkje tek eit slikt initiativ i løpet av den første dagen, må sensor ta kontakt med skulen.

b) Fagrapport:

Saman med elevane utarbeider faglærer ein fagrapport som presiserer korleis elevgruppa har arbeidd for å nå *kompetansemåla i læreplanen for faget*, viser her til FOS-mal for fagrapport som ligg vedlagt og skal nyttast. Rektor godkjenner og skriv under på fagrapporten. Fagrapporten vert gjort kjent for sensor i samband med opplysningane om trekkfag. Alle kompetansemåla i læreplanen for faget og fagrapporten er grunnlaget for utarbeiding av tema for eksamen. Elevane må ha god kjennskap til rapporten på førehand. Når sperrefristen er ute, må rektor forsikra seg om at kvar elev har eit eksemplar av rapporten inkludert vurderingskriterium i det aktuelle prøvofaget.

c) Tema:

Faglæreren har ansvar for å utarbeide tema som eleven skal arbeida med i førebuingstida. Dette skal og gjerast kjend for sensor. Tema skal vera vidt slik at så mange relevante kompetansemål som mogleg kan definerast inn i temaet. Eleven skal og vera kjent med vurderingskriteria, jf. § 3-1 i forskrifta. Sensor ser til at tema gir grunnlag for å vurdera viktige sider ved eleven sin kompetanse slik det står i kompetansemåla i læreplanen. Viser og til fagrapporten med vurderingskriterier.

d) Samhandling mellom faglærer og sensor:

Før prøva skal faglæreren og sensor ha drøfta tema og opplegget for prøva. Dersom det oppstår usemje mellom faglærer og sensor i forhold til tema, og med omsyn til å gi elevane høve til å syne kompetanse i så stor del av faget som mogleg, er det ekstern sensor som avgjer. Både faglærer og sensor skal vera aktive i samtaledelen. Det må setjast av tid etter prøva til oppsummering, drøfting av opplegget og gjennomføringa av prøva.

3. Førebuing for eleven

a) Tema/område

Tema til munnleg eksamen skal vera ope, og slik gi dei enkelte elevpara/den enkelte eleven høve til å velja sine eigne vinklingar for å dokumentera kompetansen sin. Eleven bør og vera førebudd på at han/ho kan prøvast i fleire og relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av førebuingdelen.

b) Utstyr og hjelpemiddel

I førebuingstida må elevane få tilgang til dei hjelpemidla skuleeigar har tillate, slik at dei får høve til å skaffa seg nødvendig informasjon. Hjelpemidla må vera formålstenlege og relevante for eksamen. Viser til eige rundskriv. Skulen må ha ein plan for tilrettelegging for elevane i førebuingstida.

c) Eleven sine moglegheiter, rettar og plikter.

Eleven skal ha innverknad på korleis samarbeidsgruppene vert sette saman, men det er skulen som til slutt avgjer kva elevar som utgjer ei gruppe. Gruppene skal etablerast i god tid før eksamensperioden, **seinast 15.mars**. Elevane har rett til å velje å gå opp til eksamen individuelt dersom dei ynskjer det. Frist for endring: seinast 14 dagar før eksamensdagen. Konsekvensen av dette vert at den andre eleven i paret og må gå opp individuelt. Dersom ein elev i eit par kjem opp i framandspråk og den andre i eit anna fag (t.d. norsk), medfører også dette at begge må gå opp individuelt. Elevane skal på førebuingdagen ha tilgang til hjelpemiddel skuleeigar har bestemt skal nyttast.

d) Særskild tilrettelegging.

Elevar som har særskild behov for tilrettelegging, skal kunna få lagt forholda tilrette slik at dei kan få vist kompetansen sin ut frå kompetansemåla i fag i læreplanverket. Det er ikkje høve til å ta vekk kompetansemål og eleven kan nå måla i ulik grad. Rektor avgjer etter søknad kva for ordningar som skal nyttast for desse elevane. Avgjerda til rektor er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen. Rektor kan krevje uttale frå ein sakkunnig instans. Særskild tilrettelegging av eksamen krev ikkje vedtak om spesialundervisning.

[Jfr FtO, § 3-32.](#)

e) Rettleiing:

Elevane har rett til rettleiing i førebuingfasen, viser her og til kulepunkt 2 under *Rammer for munnleg eksamen i Sunnhordland* (s 2) samt nærare presisering i *Rutinar for gjennomføring av munnleg eksamen i Sunnhordland* (eige vedlegg). Skulen må syta for at faglærer/lærer er tilgjengeleg for elevane førebuingdagen. Rettleiinga har fleire føremål:

- Å presisera prosedyrar for eksamensgjennomføringa/rutinar
- Å klargjera tema for elevane.
- Å klargjera vurderingskriteria for elevane.
- Å bidra til like moglegheiter for alle elevane i gruppa.
- Å bidra til godt samarbeid og gode relasjonar i elevgruppa.

Rettleiinga må ikkje:

- Gi elevane instruksjonar om ein bestemt løysingsmåte.
- Etablere avtalar om korleis elevane skal svara på spørsmål.
- Innehalda undervisning

4. Gjennomføring på eksamensdagen.

På eksamensdagen kan elevane prøvast i fleire og relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av ein førebuingdel. Eksamenstida er i to delar – presentasjon og samtale. Sjå nærare under punkt a)

a1) Tidsramme

Det vert sett av inntil 30 min. pr. elev til gjennomføring av munnleg eksamen. Eksamenstida blir delt slik: *Presentasjon* 30% (inntil 10 min). Her skal eleven presentere temaet eller liknande som han eller ho har arbeidd med i førebuingdelen. *Samtale*: 70%. (inntil 20 min). Under samtalen tar ein gjerne utgangspunkt i det eleven har presentert, men han/ho må og vera førebudd på å bli prøvd i fleire, relevante delar av læreplanen, jf. det som står i forskrifta om tema og eleven sin kompetanse. Elevane vert gjort merksame på tida når det står igjen 2 minutt av presentasjonstida. Slik varsling vert avtala mellom sensor og faglærer, og elevane blir minna om det ved eksamensstart. Dersom presentasjonen går ut over tidsramma, kan sensor setja strek for presentasjonen.

a2) Serskilt for framandspråk

Eleven presenterer eit tema/emne. Presentasjonen skal vere på framandspråket. Etterpå samtalar elev og faglærer/sensor på framandspråket om innhaldet i presentasjonen. Den vidare samtalen mellom elev og faglærer/sensor kan vere om daglegdagse emne. Desse kan vera kultur, samfunn o.l. Ein kan og ta utgangspunkt i ein kort tekst som eleven les høgt. Rollespel eller lytting er andre døme. Viss ein nyttar

lyttedel, skal det vera kjent tema, men ukjent tekst. T.d. kan lyttestoff frå anna læreverk nyttast. Viss ein her er ute etter forståing, kan ein bruka norsk i oppgåver/samtale tilknytta lyttedelen/leseteksten. Sjå elles om tidsrammer, kompetanse m.m. i punktet ovanfor.

b) Utstyr og hjelpemiddel:

Det einaste hjelpemiddelet eleven kan ha med på eksamen, er eigne notat knytt til den førebudde presentasjonen (t.d. powerpoint presentasjon). I eige rundskriv utdjupar Udir dette og seier at presiseringa må sjåast i samanheng med den obligatoriske presentasjonen. Notat inkluderer i denne samanhengen hjelpemiddel som er relevante for å gjennomføra ein førebudd presentasjon. Dette kan vera digitale hjelpemiddel eller andre verkty. Viser elles til [Fto § 3-31](#) og rundskriv [Udir 2-2014](#). Nett-tilgang er ikkje tillete i eksamenslokalet.

c) Samhandling mellom faglærer og sensor:

Eleven skal vurderast av to sensorar, og faglærer har plikt til å delta i vurderinga. Ved usemje fastset ekstern sensor karakteren, jfr FtO 3-29. Faglærer er eksaminator ved gjennomføringa. Sensor kan delta i samtalen med utdjupande spørsmål. Både sensor og faglærer har plikt til å bidra til god kommunikasjon og godt samarbeid for å skapa tryggleik for elevane.

d) Vurdering og karaktersetjing:

Elevane skal vurderast individuelt i tråd med kompetansemåla i faget, jfr [FtO § 3-25](#). Det skal nyttast vurderingskriterium utarbeidde av skulen. Vurderingskriteria skal vera forankra i [kompetansemåla i læreplanen for faget](#). Det er eleven sin kompetanse under sjølvve eksamen som skal vurderast. Dei notata som eleven har produsert i førebuingssdelen, er ikkje ein del av vurderingsgrunnlaget.

Karakteren skal setjast etter kvart (individuelt/par/gruppe) og skal ikkje endrast. Eleven/elevane får opplysning om karakteren umiddelbart etter avslutta eksamen – sjå og *Rutinar for gjennomføring av munnleg eksamen i Sunnhordland* (eige vedlegg). Karakteren og utfall av sensuren skal førast på skjema og underskrivast av sensor og faglærer.

Eksamineringa skal gi kandidatane høve til å syne kompetanse i så stor del av faget som mogleg. Under eksamen kan elevane prøvast i fleire og relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av ein førebuingssdel. Eit utgangspunkt og god hjelp i vurderinga vil vera å sjå eleven sin prestasjon i forhold til [Blooms taksonomi](#):

- 1 Lågt nivå (karakterane 1 og 2): Reproduksjon, gjengjeving.
- 2 Middels nivå (karakterane 3 og 4): Sjølvstendig bruk av kunnskapen.
- 3 Høgt nivå (karakterane 5 og 6): Vurdering og analyse.

Viss det er usemje om karakteren, avgjer den eksterne sensoren, jfr. [FtO § 3-29](#)

e) Klagerett

I [FtO § 5-10](#) heiter det:

Ved munnleg eksamen kan det berre klagast på formelle feil som kan ha noko å seie for resultatet. Ved klage hentar rektor inn fråsegn frå sensor og eksaminator/faglærer. Desse fråsegnene og klagen sender rektor saman med si eiga fråsegn til Fylkesmannen. Kopi av fråsegnene skal sendast til klagaren.

Dersom klagaren får medhald, skal karakteren annullerast, og klagaren har rett til å gå opp til ny eksamen. Dersom klagaren vel å gå opp til ny eksamen, skal prøvesvaret bedømmast av ein ny sensor. Gjeld klagen prøve i trekkfag, skal det trekkjast fag på ny. Eleven skal få melding om faget med same frist som ved ordinær prøve.

5. Kvalitetssikring og etterarbeid

a) Dokumentasjon

Ekstern sensor skal gjera notat i høve gjennomføringa og elevsvar under gjennomføringa. Notata må oppbevarast inntil 1 år. Desse notata kan verta etterspurt i høve klage eller som dokumentasjon i høve formelle feil som kan vera gjort. Sjå prosedyre for klage, [FtO § 5-10](#)

b) Listeføring og avlønning

Skulen har ansvar for å administrera listeføring og avlønning i høve munnleg eksamen. Ekstern sensor skriv under karakterlistene ved avslutning av eksamensdagen. Rektor godkjenner karakterlistene. Viss ein eller fleire partar har innvendingar mot gjennomføring av eksamen, skriv rektor protokoll over forholdet, og dei involverte skriv under protokollen.

Utdanningsdirektoratet fastset retningslinjer for sensorhonorar ved sentralt gitt eksamen, jfr. brev frå Udir dagsett 08.03.2011 ref. 2011/1073. Det er ikkje sentrale retningslinjer for sensorhonorar ved munnleg eksamen. FOS nyttar difor Udir sin sats for nemndarbeid (blir sendt ut eiga melding frå FOS) . Sensur vert avlønna med 2,5 timar til førebuing, 30 min pr. elev (min avlønning 3 elevar) og 60 min til etterarbeid.

c) Evaluering

Instruks for munnleg eksamen i FOS kommunane blir evaluert og eventuelt justert årleg.

6. Fristar for munnleg eksamen

Tid	Oppgåve/tekst	Ansvar	Merknader
15.08	Opplysning om vekennummer for eksamen	FOS	
01.09	Innmelding til FOS om behov for eksterne sensorar. NB! Berre tal – ikkje namn!	Rektor	
01.10	Opplysning om endeleg prøvedato	FOS	Sender mail
15.02	Innmelding av sensorar/behov for sensor ved eigen skule (skal sendast elektronisk til FOS)	Rektor	Brev m/skjema blir sendt ut primo januar
15.03	Organisering av elevgrupper	Rektor	
20.03	Skulen melder inn elevgrupper til skuleeigar	Rektor	
01.04	Skuleeigar får tildelt sensorar	FOS	
10.04	Skuleeigar fordeler sensorane på parti og fag	Kommune	
20 dagar* før eksamensdagen	Rektor ved ” elevskulen” sender konfidensiell melding til ”sensorskulen/skulane”	Rektor	
16* dagar før Eksamensdagen	Faglærer får konfidensiell melding om fag og at han får elevar opp i munnleg eksamen	Rektor	Ikkje kva elevar/gruppe!
10* dagar før eksamensdagen	Rektor ved ”sensorskulen” gjev konfidensiell melding til sensor om skule og fag	Rektor	
10* dagar før eksamensdagen	Faglærer opprettar kontakt med sensor (ekstern sensor)	Faglærer	
48 timar før eksamensdagen	Elevane får melding om trekkfag. Faglærer får melding om kva elevar han/ho skal ha opp til eksamen.	Rektor	
24 timar før eksamensdagen	Elevane får vita tema	Faglærer	

* «Dagar før eksamensdagen» betyr arbeidsdagar. Helg og heilagdagar skal ikkje reknast med.

7. Nyttige lenkar

[Forskrift til opplæringslova \(FtO\):](#)

[Udir sine sider om eksamen i grunnskulen.](#)

Sjå og [FOS sine eksamenssider](#) der vi har samla relevant informasjon.



8. Mal fagrapport FOS (Sjå og eigne malar på [nettsida vår](#) der kompetansemål er innsett)

<p><u>FAGRAPPOR</u></p> <p>_____ skule</p> <p>_____ Kommune</p> <p>Fag: _____</p>
--

Kompetansemål frå K- 06 (mrk at alle kompetansemål skal vera med):

Kjenneteikn på måloppnåing / vurderingskriterium (Eige skjema SKAL leggjast ved)

Arbeidsmåtar:

Kjelder / lærestoff / litteraturliste:

Stad/dato

underskrift faglærer



RUTINAR FOR GJENNOMFØRING AV MUNNLEG EKSAMEN I SUNNHORDLAND

Før prøvedagen:

- Faglærarrapport med utgangspunkt i alle kompetansemåla i faget skal utarbeidast saman med elevane. Fagrapporten saman med vurderingskriterier for faget skal gjerast kjend for elevar og føresette seinast 1 måned før eksamensdagen.
- Eleven får vita kva fag han er komen opp i 48 timar før eksaminasjonen startar.
- Eleven skal trekkja tema han skal opp i 24 timar før eksaminasjonen startar. Faglærer syter for at det er så mange oppgåver tilgjengeleg at alle får trekkja. Døme: Viss ein har 10 elevar som skal opp, må ein ha minimum 6 oppgåver, kvar oppgåve kan nyttast to gonger/vera i dublett.
- Førebuingdelen er 24 timar – obligatorisk oppmøte dagen før eksamen. Faglærer er tilstades og kan gi rettleiing.
- Eleven kan velja å gå opp parvis eller individuelt. Elevpar er gjennomgåande i alle fag unntatt framandspråk. Dersom ein elev i eit par kjem opp i framandspråk og den andre i eit anna fag (t.d. norsk), medfører også dette at begge må gå opp individuelt. I dei andre faga kan og ein av elevane i eit par velja å gå opp individuelt, i desse tilfella må endringane gjerast seinast 14 dagar før eksamensdagen. Dette medfører og at den andre eleven i paret må gå opp åleine.

På prøvedagen:

Presentasjon:

- Eksamen kan vara inntil 30 minutt pr elev. Inntil 60 minutt for dei som går opp parvis.
- Eleven får inntil 10 min. (par 20 min) til å leggja fram resultatet av arbeidet i førebuingstida. Han vil få eit varsel når det er to minuttar igjen.
- Dersom presentasjonen vert avslutta før full tid, skal faglærer spørja kandidaten(ane) om dei har noko meir å seie.
- Eleven skal ikkje lesa opp presentasjonen frå eit ferdigskrive manus, men framføra den munnleg med utgangspunkt i ein kort disposisjon eller momentliste dei har med.
- Det einaste hjelpemiddelet eleven kan ha med på eksamen, er eigne notat knytt til den førebudde presentasjonen (t.d. powerpoint-presentasjon). Notat skal sjåast i samanheng med den obligatoriske presentasjonen. Dersom det oppstår teknisk svikt, er eleven sjølv ansvarleg for å kunna gjennomføra eksamen utan det aktuelle hjelpemiddelet (t.d. datamaskin.)
- Når elevane går opp som par, skal dei fordela presentasjonen seg mellom.
- Begge elevane i ei gruppe må kunne gjera greie for heile temaet.

Samtale:

- Resten av eksamenstida, inntil 20 min (par 40 min), vil bli brukt til ein vidare diskusjon og samtale i faget med utgangspunkt i presentasjonen. Eksamineringa skal gi kandidatane høve til å syne kompetanse i så stor del av faget som mogleg. Under eksamen kan elevane prøvast i fleire og relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av ein førebuingssdel. Både faglærer og sensor har plikt til å bidra til god kommunikasjon og godt samarbeid for å skapa tryggleik for eleven.

Vurdering:

- Elevane skal vurderast i tråd med kompetansemåla i faget.
- Det skal nyttast vurderingskriterier utarbeidde av skulen. Desse skal vera ein del av fagrapporten.
- Det er sensor og faglærer som set karakteren. Sensor tek den endelege avgjerda. Eleven kan, dersom sensor og faglærer opplever det vanskeleg å setja karakter, bli kalla inn att.
- Eleven får individuell karakter, sjølv om han tek eksamen saman med ein annan (par).

- Eleven blir kalla inn åleine når han får karakteren – umiddelbart etter prøva.

Desse rutinane er fastsette av kommunane ved FOS si styringsgruppe og skal gjelda alle skulane i Sunnhordland frå og med juni 2016. Rutinane er i tråd med regional instruks og går dermed inn i staden for dei lokale instruksane som alle hadde tidlegare.